



I 2010 mottok Ola Matti Kvinnheringen sin juleblom for innsatsen. No kan han verta årets navn i Grenda. Her saman med kona Anne Margrethe.

Lokalavisa Grenda har sidan 2010 kåra årets namn, og no er kandidatane til kåringa for 2015 klare. Mellom dei 8 namna som er plukka ut blant framlegga som har kome inn frå Grenda-lesarane, er Ola Matti Mathisen, vår aktive og kjære redaktør. Matti var også kandidat i 2010. Då vart han nr.2, få stemmer bak vinnaren det året, friidrettstalentet Frida Berge frå Ølve.

Ola Matti er ein sterk kandidat etter den store innsatsen han har gjort med uskedalen.no og Uskedalsposten i Hobbyklubben gjennom alle dei 10 åra han har budd her i bygda. Han fortener kvar einaste stemme han vil få, og eg håpar det vert mange!!

Konkurransen vert beinhard, for det er også sterke namn mellom dei 7 andre kandidatane. Det er fotballeiar Arvid Nes frå Rosendal, handballtalent og landslagsspelar Tina Abdulla frå Husnes, Anne Grete Honerød ved Baroniet, skiskyttartalentet Martin Femsteinvik som representerer Noreg internasjonalt og som vart slått på målstreken i kåringa eit tidlegare år, revyskodespelar Karianne Solheim, ordførar Peder Sjo Slettebø og Hydro Husnes-direktør Per Øyvind Sævartveit. Utvilsamt ei sterk kandidatliste.

I omtalen av Ola Matti Mathisen skriv Grenda:

'Etter eit langt liv som journalist og politisk redaktør på Austlandet, flytta Ola Matti Mathisen og kona til Uskedal. Der publiserte han sin fyrste artikkel på uskedal.no den 29. juni 2006. Etter nokre hektiske år har Ola Matti no truleg passert 13.000 saker på nettstaden. 73-åringen, som vart nummer to i kåringa av årets namn i 2010, har funne gode erstattarar i redaksjonen, og har varsla at han no vil trappa ned.'

Det er mange måtar å røysta på:

E-post: post@grenda.no **SMS:** Tlf. 464 47 840 **Internett:** Bruk skjema på Grenda si heimeside. **Post:** Send slippen som de finn i avisa, til Grenda, Pb 100, 5486 Rosendal. **Personleg:** Stikk innom kontoret til Grenda eller snakk med ein av dei tilsette.

Frist for å røysta: søndag 27. desember kl. 23.00.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.
Foto: Kvinnheringen/Sjur Tjelmeland.

